

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA - D11, TI - &85	14/112

Saknr	Utval	Type	Dato
08/2014	Kommunestyret	PS	06.02.2014
06/2014	Formannskapet	PS	23.01.2014

## Samarbeid om interkommunale idrettsanlegg

### Framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune vil samarbeide med Gulen kommune om idrettsanlegg ved at ein kjøper seg inn i kvarande sine anlegg jf. pkt. 2.6.3. og vedlegg 9 i Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2013, kulturdepartementet. Dette for å løyse ut inntil 30% meir i spelemidlar. 5% på eigarsida – og er medansvarleg for at anlegga vert haldne opp i 20 år, i form av finansiering av 5% av driftsutgiftene. Administrasjonen får fullmakt til å inngå avtalar, anlegg for anlegg.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Tiltak for å auke ekstern finansiering av idrettsanlegg i kommunen, og m.a. i samsvar med siktemål jf. vedtak i formannskapsak 3/13.

## Uttale

Gulen kommune vil samarbeide om idrettsanlegg med Masfjorden ved at ein kjøper seg inn i kvarandre sine anlegg. Dette for å løyse ut 30 % meir i spelemidlar. 5 % på eigarsida – og er medansvarleg for at anlegga vert haldne oppe i 30 år. 5 % på driftssida. Det forutset at Masfjorden arbeider inn likelydande formulering i sin plan. Administrasjonen får fullmakt til å godkjenne avtalane.

## Fakta

## **FS-003/13 Vedtak :**

Det vert sett ned ei interkommunal nemnd med to politisk valde medlemmer frå kvar av kommunane Gulen og Masfjorden. Nemnda får i oppdrag i nært samarbeid med idretten i kommunane å kartlegga trøngen for idrettsanlegg i dei to kommunane med utgangspunkt i dei vedtekne kommunale anleggsplanane.

Viktig oppdrag for nemnda er å få på plass samarbeidsavtalar på idrettsanlegg mellom kommunane som gjev høve til å auka finansiering gjennom tippemidlar.

Nemnda må vera ferdig med arbeidet sitt innan utgangen av april 2013

### **2.6.3 Særskilt tilskot ved større interkommunale idrettsanlegg**

Det kan søkjast om ekstra tilskot på inntil 30 % av ordinær tilskotssats til større interkommunale idrettsanlegg dersom desse vilkåra er oppfylte:

1. Anlegget er eit større, kostnadskrevjande anlegg, til dømes symjeanlegg eller idrettshall. Andre anlegg vert vurderte særskilt.
2. Det er inngått bindande skriftleg avtale mellom to eller fleire kommunar om investering og drift. Avtalen må innehalde desse elementa:
  - a) Kvar deltagande kommune skyt til minst 5 % av den godkjende kostnaden. Tilskota frå kommunane må dokumenterast.
  - b) Ein krev skriftleg driftsavtale på minst 20 år mellom deltagande kommunar der kommunane bind seg til å medverke økonomisk til drifta av anlegget. Tilskotet må vere i samsvar med tilskotet frå kommunen etter pkt. a).

Kulturdepartementet avgjer om anlegg oppfyller vilkåra ovanfor. Søknad skal sendast til departementet **innan 15. november 2013.**

I særlege tilfelle kan departementet dispensere frå dei ovannemnde krava.

**AVTALEPUNKT**  
**FOR**  
**INTERKOMMUNALE AVTALER**  
**OM**  
**INVESTERING I OG DRIFT AV**  
**STØRRE INTERKOMMUNALE IDRETTSANLEGG**

Jamfør pkt. 2.6.3 kan det søkjast om ekstra tilskot på inntil 30 % av ordinær tilskotssats til større interkommunale idrettsanlegg, føresett mellom anna at det er inngått bindande skriftleg avtale mellom to eller flere kommunar om investering og drift.

I denne type interkommunale avtaler, som skal dokumenterast, skal dette framkome, eksempelvis oppstilt som følgjer:

**Bidragsplikt for deltakarane – investeringar**

Kvar av dei deltagande kommunane har plikt til å bidra med anleggsinvestering (minimum 5 % av godkjend kostnad) som for den einskilde kommune utgjer følgjande:

- Kommune a - kr ...
- Kommune b - kr ...
- ...  *Evt. flere*

Bidraga skal dokumenterast før tildeling og utbetaling av tilskot.

**Driftstilskot**

Kvar av dei deltagande kommunane har plikt til årleg å yte tilskot i minimum 20 år til drifta av anlegget, og eventuelt inngå særskilt skriftleg driftsavtale på minimum 20 år.

Tilskota frå kvar av kommunane skal vere i samsvar med dei einskilde kommunane sine bidrag til anleggsinvesteringar.

## Vurdering

### Konklusjon

Masfjorden kommune vil samarbeide med Gulen kommune om idrettsanlegg ved at ein kjøper seg inn i kvarande sine anlegg *jf. pkt. 2.6.3. og vedlegg 9 i føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2013, kulturdepartementet*. Dette for å løyse ut inntil 30% meir i speleemidlar. 5% på eigarsida – og er medansvarleg for at anlegga vert haldne opp i minimum 20 år, i form av finansiering av 5% av driftsutgiftene. Administrasjonen får fullmakt til å inngå avtalar, anlegg for anlegg. Første fellesanlegg Matre symjebasseng.

## Formannskapet - 06/2014

### FS - behandling:

Egil Kvingedal, V, kom med følgjande framlegg til vedtak:

*Masfjorden kommune stiller seg positiv til at ein kan løysa ut meir tippemidlar ved å eigen inntil 5% i anlegg i nabokommunar. Dette forutset at anlegga kan haldast ope i 20 år framover, og med 5% medfinansiering av driftsutgiftene.*

*Det er ein forutsetning at kostnadsbildet for eigarandel og driftsutgifter er kjent før eit vedtak om samarbeid vert stadfesta.*

*Eitkvart slikt vedtak skal fattast av kommunestyret.*

*Grunngjeving: Det er nødvendig at øverste organ i kommunen er kjent med og kan ta beslutning på avtaler som vert gjeldande 20 år fram i tid*

### Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 4 mot ei røyst (V).

**FS - vedtak:**

Masfjorden kommune vil samarbeide med Gulen kommune om idrettsanlegg ved at ein kjøper seg inn i kvarande sine anlegg jf. pkt. 2.6.3. og vedlegg 9 i Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2013, kulturdepartementet. Dette for å løyse ut inntil 30% meir i spelemidlar. 5% på eigarsida – og er medansvarleg for at anlegga vert haldne opp i 20 år, i form av finansiering av 5% av driftsutgiftene. Administrasjonen får fullmakt til å inngå avtalar, anlegg for anlegg.

**Kommunestyret - 08/2014**

**KS - behandling:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

**Egil Kvingedal, V,** opprettheldt sitt framlegg frå formannskapet:

*Masfjorden kommune stiller seg positiv til at ein kan løysa ut meir tippemidlar ved å eigen inntil 5% i anlegg i nabokommunar. Dette forutset at anlegga kan haldast ope i 20 år framover, og med 5% medfinansiering av driftsutgiftene.*

*Det er ein forutsetning at kostnadsbildet for eigarandel og driftsutgifter er kjent før eit vedtak om samarbeid vert stadfesta.*

*Eitkvart slikt vedtak skal fattast av kommunestyret.*

*Grunngjeving: Det er nødvendig at øverste organ i kommunen er kjent med og kan ta beslutning på avtaler som vert gjeldande 20 år fram i tid*

**Røysting:**

Formannskapet si tilråding og Venstre sitt framlegg vart røysta opp mot einannan.

Formannskapet si tilråding vart vedteke med 15 røyster mot 2 røyster. (V)

**KS - vedtak:**

Masfjorden kommune vil samarbeide med Gulen kommune om idrettsanlegg ved at ein kjøper seg inn i kvarande sine anlegg jf. pkt. 2.6.3. og vedlegg 9 i Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2013, kulturdepartementet. Dette for å løyse ut inntil 30% meir i spelemidlar. 5% på eigarsida – og er medansvarleg for at anlegga vert haldne opp i 20 år, i form av finansiering av 5% av driftsutgiftene. Administrasjonen får fullmakt til å inngå avtalar, anlegg for anlegg.

